



Munnlege tekstar
8.–10. trinn
Lærer: Ane Opdøl Kopreitan
Charlottenlund skole, Trondheim

RAUDE KYSSEMERKE

42

Dette undervisningsopplegget er bygd rundt novella *Raude kyssemerke i brev* av Jon Fosse og syner ulike arbeidsmåtar ein kan bruke i litteraturundervisninga. I fyrste del av opplegget les læraren novella høgt for elevane, og elevane arbeider med eit tokolonnotat. I andre del lagar elevane ein teikneserie basert på Fosse-novella. Målet er at elevane skal fordjupe seg i ei moderne nynorsk novelle og lage sin eigen variant av forteljinga i form av ein samansett tekst.

Litteraturøkta byrjar med at læraren les novella høgt. Elevane har fått kvar sin kopi av novella og kan følgje med undervegs. Læraren stoppar opplesinga rett før vendepunktet i novella. Kva skjer vidare? Dette spørsmålet svarar elevane på i tokolonnotatet.

Eit tokolonnotat er eit spørjeark delt i to; ein kolonne med konkrete spørsmål til teksten og ein kolonne til svar.

I notatet er det avgrensa plass til å svare, noko som gjev signal om at det er forventa korte svar. Dette oppsettet gjer tokolonnotatet enkelt å bruke i korte refleksjonsoppgåver.

Når elevane har svara ferdig på korleis dei trur det kjem til å gå vidare i novella, les læraren ferdig. Etterpå svarar elevane på resten av spørsmåla i tokolonnotatet. Gjekk det slik elevane trudde? Kva var overraskande i novella? Avslutninga på denne oppgåva er ei felles oppsummering om dei refleksjonane elevane har gjort seg om novella.

I den andre oppgåva får elevane sjansen til sjølve å vere forfattarar. Dei skal ta føre seg hovudhandlinga i novella og formidle denne i ein teikneserie. Teikneserien skal vere på eit A3-papir, og elevane skal lage teikneserien i par.

Tidlegare har elevane arbeidd mykje med teikneseriar, og før



dei går i gang med oppgåva, repeterer elevane i fellesskap kva dei kan om ulike verkemiddel i teikneseriar.

Denne forkunnskapen er òg utgangspunktet for kriteria for teikneserieoppgåva. Kriteria er mellom anna at elevane skal bruke verkemiddel som til dømes bilettformat, variere perspektivbruk (froske-, fugle- og normalperspektiv) og biletvinkel og bruke språklege verkemiddel som lydhermande ord, humor, kontrastar og gjentakningar.

Økta vert avslutta med at para presenterer teikneseriane for kvarandre og forklarar kva verkemiddel dei har brukt i teikneserien sin. Når det gjeld språkføringa, er dette blant dei fyrste nynorsktekstane elevane lagar, og det er difor ikkje forventa at elevane har alt riktig i tekstane sine. Før teikneseriane vert hengde opp på veggen, kan elevane ta ein siste språksjekk.

43

Spørsmål til diskusjon

Kva tykte du var bra med dette litteraturopplegget?
Kva norskfaglege aktivitetar arbeider elevane med i løpet av dette opplegget?
På kva måtar var dette opplegget god nynorsk-opplæring?
Korleis ville du lagt opp undervisninga om elevane dine skulle arbeide med denne novella?

Ressursar

Om teikneseriar:
www.nynorsksenteret.no/teikneseriar

Om tokolonnotat:
Lesesenteret 2007: *Bok i bruk for videregående skole*, Stavanger

Fosse, Jon 1994: «Raude kyssemerke i brev», i *Prosa frå ein oppvekst*. Oslo, Det Norske Samlaget